

Økologisk frukt

Rådgjevingsmelding nr. 11 2023



Utvikling



Bilete 1: 'Discovery' har framleis igjen nokre dagar på trea før dei kan haustast. Grunnfargen bør være kremgul om den skal omsetjast som konsumfrukt.

Innhaustinga har starta for tidelege eple- og plommesortar. Det er i første rekke tidelege eplesortar som er lite aktuelle for økologisk som 'Geneva Early' og 'Julyred'. Dei noko økovenlege sortane 'Nanna' og 'Idunn' kan også nærme seg hausteklare. NLR gjennomfører haustetidsregistrering i dei ulike fruktdistrikta og kjem med anbefalingar, så ein får følgje med lokalt.



Bilete 2: 'Eden' er i rute modningsmessig.

Det er våte forhold både i vest og aust, men ein får prøve å gjere unna innhaustinga på best mogleg måte.

Ugras

Sortar som nærmar seg hausting kan ein vente med ugrasfresing til etter at epla er plukka. Når epla har 2-3 veker igjen til hausting heng dei laust og ristingar frå ugrasfresing kan være for mykje. Ta opp igjen fresinga når avlinga er hausta.

Kjernefrukt



Bilete 3: frukttremidd kan ein sjå no. Blada blir brune og ein kan såvidt skimte sommeregg som ligg på blada.

Sjå plantevernplanen, seksjon økologisk, for dosering etc. Nyttedyra våre som marihøner og gulløyer vil også redusere insektskader.

Kva som er hovudproblemet kan ein finne ut av ved å tilfeldig hauste og analysere 100 kart. Gå som i blinde i hagen og finn ei grein og plukk den rein, gå så vidare til ei ny, så ein til slutt har 100 kart. Prøv å finne ut kvar som er skadeårsak med å bruke oppslagsverk eller [plantevernleksikonet](#).



Bilete 4: grøn eplebladlus er tilbake i eplefelta for å legge vinteregg. Det er få tiltak som er aktuelle så nær innhausting, men om angrepet er lite kan ein klykke bort dei verste lusetoppene.

Få bort rotnande frukter

Når skade av insekt eller sopp heng på trea, vil det ofte smitte over til friske naboepler. Har ein moelegheit til å ta nokre «rydderundar» å ta bort monilia-eple no i tida framover vil det vere bra for frukta som heng igjen. Ha det som rutine at haustarane fjernar rotnande frukt på første runde.

Lysskjæring

I moderne hagar skal ein helst unngå for mykje lysskjering. Dette sidan det lett kan bli ettervekst utover hausten. Vi har god vegetativ vekst og mykje lauv i mange felt, så ein må vurdere dette tiltaket likevel i år. Når trea er for tette må ein fjerne greiner og blad for å få god nok farge på epla.

Bladgjødsling



Det er viktig med kart/bladgjødsling med kalsium. Enkelte sortar får lett mangelsjukdommen «priksjuke» om det blir for lite kalsium fram mot hausting. Discovery er lite utsett, medan i 'Aroma' er dette tiltaket svært viktig.

Sprøyt ut ei blanding med 500 g/daa kalsiumklorid og 100 ml/daa Aminosol PS (plantebasert). Gjer dette kvar 7.-10. dag fram mot hausting.

Bilete 5: priksjuke er mangel på kalsium. Det er i år meir enn vanleg med priksjuke, truleg grunna den tørre forsommaren. Dette Aromaæplet blir ikkje jus eingong og kjem til å ramle av treet før hausting.